

Lærdal Golfklubb

v/ Lorentz Petter Lossius

Postboks 115

6887 Lærdal

24.05.2019

Lærdal kommune

Postboks 83

6886 Lærdal

Søknad om oppstart av reguleringsplan ny golfbane Ljøsne

Vi viser til tidlegare dialog knytt til arbeidet med ny golfbane i Lærdal planlagt på Ljøsne. Vi har behov for å etablere ny golfbane i Lærdal etter at klubben har fått beskjed om at utleigar på Rikheim der vi har bane i dag, har endra planane for areala som gjer at leigeavtalen ikkje vert fornya.

Areal

Sidan 2017 har klubben arbeidd med nytt areal for bane, avtale for noverande bane går ut 2019. Nytt areal er funne, og ein prosess er starta for å etablere ei 9-hols bane. Klubben har hatt god dialog med ulike grunneigarar på aktuelt areal og har no avtalar med grunneigarane om å leige dette til golfbane. Det har og vore god dialog med elveigarlaget for å ta omsyn til deira behov og aktivitet slik at vi ikkje kjem i konflikt med deira ynskjer. Representantar for elveigarlaget har delteke i arbeidsgrupper for å skissere arealbruk og tilpassing. Vi opplev at ein ser på lokalisering av ei golfbane på arealet som positivt for aktiviteten og for fiskarane. Skisse på bruk av areal har vore drøfta og delt med alle involverte grunneigarar for å sikre at vi har fått innspel dersom vi kjem i konflikt med grenser eller anna aktivitet.

Det er venta at ny bane vil ha same slag gras og krevje same drift som klubben er van med på Ljøsne. I starten krevst truleg noko kalking for å få rett pH i bakken, elles brukast vanlig NKP gjødsel og med omsyn til sprøyting så har vi anna kvart år sprøyta fairway og rough mot løvetann. Dagens anlegg, bana på Rikheim Gard tek 107 mål og ved tilbakeføring er heile arealet egna til landbruk. Ny bane tek ca. 180 mål der om lag 110 mål er innmark og 70 mål er utmark. Netto endring er 70 mål ekstra kultivert mark.

Om Lærdal Golfklubb

Lærdal Golfklubb vart starta i 2000 med golfbane på Rikheim Gard på Ljøsne. Klubben høyrer til Norges Golfforbund som er eit særforbund i Noregs Idrettsforbund. Klubben si bane har vore eit offisielt golfanlegg sidan 2005 på linje med vanlege golfbaner i Noreg, og dette er den einaste golfbana i indre Sogn.

Ved årsskiftet var det 450 medlemmar i klubben og om lag 180 er lokale golfspelarar frå Indre Sogn. Yngste medlemmer er born og dei mest aktive er pensjonistar. Det vert spela omlag 3.000 rundar golf i året på bana i dag og omlag 400 rundar er betalande gjestespelarar.

Golf kan spelast året rundt på Ljøsne, men golfsesongen går frå tidleg april og ut oktober. Selskapspel er viktigaste aktivitet. Det vert spelt omlag 25 turneringar, halde golfkurs og det blir arrangert besøk frå bedrift og skule. Største turneringa er «Bedriftsturneringa» med lag frå fleire kommunar i Indre Sogn. Om lag 15 bedrifter sponsar klubben årleg.

Klubben vert drive av frivillige pluss ein Greenkeeper på eit fem-månaders engasjement. Årleg omsetnad er omlag 800 000 kroner. Ei ny bane ventast å auke desse inntektene da det er meir attraktivt å spele på ei 9-hols bane.

Bygg

Klubben får moglegheit til å leige eksisterande bygg i tilknytning til arealet. Det vil bli vurdert noko tilpassingar for å møte behovet innanfor dagens bygningsmasse. Det vil kunne oppstå behov for å sette opp reiskapsbu på bane for lagring av utstyr, det vil vere behov for å etablere bru for å binde saman areala, samt sette opp nokre mindre pumpehus for vatningsanlegg dersom ikkje eksisterande kan nyttast.

Generelt om bana si rolle

Om golf i samtida og framtida: I Noreg ser vi i dag starten på den fjerde industrielle revolusjon, også kalla Industri 4.0. Framtida vil gi meir fritid enn i dag. Lærdal er eit attraktivt reisemål - naturen er fremste tilbodet, med historiske kulturstarar som Lærdalsøyri og Borgund. Lærdal Golfklubb trur på fleire golfturistar. Ei ny golfbane i Lærdal vil kunne verte eit regionalt golfanlegg, med større golfaktivitet enn i dag. Vi håpar å skape eit tilbod for innbyggjarar og besøkande, og for unge og eldre. Det er mange aktive golfspelarar i industristaden Årdal, folk som driv idrett, som til dømes fotballspelarar har ofte golf som fritidsaktivitet. Lærdal ligg sentralt i Indre Sogn og den gode lokaliseringa av bana synleg på Ljøsne vil heve omdømet til golfklubben.

Vi ynskjer med dette å be om oppstart av reguleringsplanarbeidet. Vi ber om å få handsama oppstarten politisk så raskt som mogleg.

Ta kontakt Lorentz Petter Lossius dersom de har behov for ytterligere informasjon/underlag knytt til saka på mobil 900 17 090 eller post@legk.no

Ser fram til å høyre frå dykk.

Vennleg helsing

For Lærdal Golfklubb

Lorentz Petter Lossius

Sign.

Ole Kristian Øren

Sign.